



Møtereferat

KDP HSO Styringsgruppe (Politisk utval)

9.5.2022

- Arbeidsmøte
- Tid og stad: Helsehuset, Knarvik, kl. 09.00 – 15.00

Deltakarar

- **Prosjektgruppe:** Leni Dale, Helge Kvam, Tord Moltumyr, Simon Grandahl, Bente Helland, Silje Fanebust, Bernt Fjordheim, Vibeke Erstad, Hans Kristian Dolmen, Sondre S. Haugen Referentar: Pia Syversen og Hege Aagaard-Nilsen
- **Styringsgruppe** (Utval helse og omsorg): Ståle Hauge (AP), Sølvi Gripsgård Knudsen (SP), Esben Helland (vara FRP), Kirsti Gjetle Floen (AP), Else Marie Skartveit Dale (KRF), Alexander Helle (R), May-Irene Wergeland (SP)
- **Forfall:** Roy Bø (UAVH), Thore Helland (SP)

Tema for møte

- Kommuneplanens samfunnsdel overgang kommunedelplan
 - Politisk handlingsrom
-

Opning av møtet av Utvalsleiar: Opprop, møteinnkalling og sakliste vart godkjend.

Velkomen v/ Møteleiar Helge Kvam- Agenda for dagen: I hovudsak løfte sosialdelen (NAV). Gjennomgang av trinn i kategori 2, samt innlegg v/ Tord (oppfølging frå sist møte). Ynskjer om tekstleg formulering dersom tid på slutten av møtet idag og avklaring av arbeidsform vidare.

Sak 1 – Simon – gjennomgang Aktivitet og meistringstrappa trinn 4-6 (Kategori 2)

I hovudsak dreier desse trinna seg om meistringstiltak i heimen og å byggje opp under aktivitet og meistring for alle brukarar, td ulike dag og aktivitetstilbod.

Inneheld også nokre velferdsteknologiske løysingar, støttekontakt og bustader. Alle tenester i desse aktuelle trinna er framleis vedtaksbasert. Sjå ellers presentasjon for nærare beskriving av trinna.

Kommentar /diskusjon

UTVAL trinn 4 Aktivitetstilbod:

- Ynskjer at ein synleggjer i trinna kva tenester som er lovpålagde og ikkje.
 - Helge: Forvaltningskontor deltek ved seinare høve, der tema er lovpålagde tenester, ev grenseoppganger, sentrale føringar og anna
- Spørsmål kring ulike lavterskeltilbod innan psykisk helse og rustenester vedr. bruk, antal, opningstider m.m.
 - Simon: Dette kjem ein tilbake til i Kategori 1 (høyrer til her) i neste møte
- Støttekontakt- manglar personar/ressursar til å yte denne tenesta- inn i plan?

UTVAL trinn 5 Kommunalt disponerte bustader:

- Gjennomgangsbustadar: Kva kontraktar har brukarane av desse? Kva er og korleis vert gjennomgangsbustadar benytta pr i dag? Dette bør sikrast tekstleg i KDP Helse opp mot Bustadsosial handlingsplan. Er det aukande behov for slike bustadar?
- Omsorgsbustader nær base: Ynskjer at alle slike i framtida er tilrettelagd for å romme ulike målgrupper. Kva krev det av tenesteytinga ev? Tekstleg formulering i KDP i høve dette?



- Skal kommunen samarbeide/ setje krav i høve private utbyggjarar?
- Viktig at konstruksjon av bustader i framtida ikkje begrensar nytteverdi for ulike føremål

Viktig å sjå tema bustad i KDP Helse i samanheng med Bustadsosial handlingsplan.

UTVAL trinn 6 Meistringstiltak i heimen:

- Skal ein i Alver ha førebyggjande heimebesøk? For å kartleggje framtidige behov?
- Velferdsteknologi – nokon opplever det som dyrt å ta i bruk

Leni: Vert arbeida med i prosjekt ressurseffektiv drift å få ned kostander

Sak 2 – INNLEGG FRÅ NAV

Innleiing (v/Jane Britt Daae) sjå presentasjon. 3 leiarar av ulike avdelingar presenterer i dag.

Jane Britt utfordrar Utvalet til å utforma noko tekstleg i KDP helse, som kan føre til endring/fokus på spesielt 2 tema:

- 1) **Fattigdom/ «barnefattigdom» (familiar med vedvarande låginntekt)**
- 2) **Behovet for kvalifisert arbeidskraft- særleg innan helse og industri**

Kommentar /diskusjon

- Utvalet ynskjer tilbakemelding på kva politisk handlingsrom administrasjonen ser at ein har her i høve dette. Forslag til tekst for å møte utfordringar

Utenforskap og arbeidskraft v/ Inger Lise Brekke (NAV)

Sjå Presentasjon.

Utthevar låg langtidsledigheit i Alver pr. d.d., vanskeleg å sysselsetje desse. Ikkje kompetanse som er etterspurd, og har gjerne hol i CV. Kan mogleg sjåast i samanheng med høgt sjukefråvær? Stigmatisering?

Stor mangel på digital kompetanse hjå mange av brukarar av NAV tenester. Utfordrar kommunen/utval til å leggje tilrette betre i høve denne utfordringa?

Kommentar /diskusjon

UTVAL:

- Digital kompetanse er manglande i fleire grupper i Alver kommune.
- Arbeidskraftsbehov: Kva gjer Nav og kommunen i høve dette?
 - SVAR: Døme tiltak-> Aktivitetsvertsordninga i sjukeheim, Menn (og Kvinner) i Helse.
- Utval ynskjer at NAV presiserer politisk handlingsrom i høve dette tema
 - SVAR: Blant anna styrke kultur/ haldningar til at det er lov å gjere omval i høve eige arbeidsliv.

Kvalifiseringsprogrammet v/ Inger Lise

For personar som har komplekse utfordringar, og som ikkje fell inn under vanlege ordningar i NAV. Har behov for lengre tids oppfølging. Vedtak på 1 år om gongen – heiltid/ fulltid- maks 2 år. 2 rettleiarar frå NAV som arbeider i dette feltet. Ofte tett samarbeid med andre tenesteytarar.



Flyktning og integrering v/ Arngunna

Sjå presentasjon. Arngunna har også nyleg vore i Utvalet for politisk presentasjon Nav har ulike integreringsprogram for å treffe alle. Ulik tilnærming må til, i høve språk, kompetanse som ikkje er direkte overførbar, dokumentasjon, m.m. Nokon grupper flyktingar er betre på å organisere seg sjølv i eit nytt samfunn enn andre.

Vesentleg filnærming frå NAV:

- Vise at alle har med seg viktig bakgrunn og skal verte tatt på alvor
- Busetjing av flyktingfamiliar er ofte å busetje låginnteksfamilie. Påverkar då tal i høve «fattigdom» i Alver

Arbeid og aktivitet for ungdom v/ Arngunna

Viktig budskap frå NAV:

- Få ungdom som er arbeidsledig til å registrere seg i NAV. Arbeide med å få bort stigmatiseringa,- for at NAV skal hjelpe må ein vere registrert
- Har ulike avtalar med Fylkeskommunen i høve ungdom, bl.a å få t.d utdanning og fagbrev
- Arbeider tett saman med Knarvik vidaregåande
- NAV ynskjer at ungdom som fell ut av skule, tek kontakt med Nav saman med representant fylkeskommunen. Men alle får hjelp også om dei tek kontakt på eiga hand
- Arbeider også med ulike tiltak- som kompetansesenter for ungdom (Jobb mot)-> korleis lukkast i arbeid sjølv om ein ikkje alltid lukkast i skule?

Kommentar /diskusjon

UTVAL:

- Kva tiltak finnast for dei over 35?
- Interesse for tal på kor mange fell ut av vidaregåande i dag?
- Kan krav om pedagogisk rettleiing i høve utplassering stanse enkelte gode tiltak?
 - NAV: Nav har ingen krav om dette
- Forslag i KDP om kommunal pedagogisk ressurs som kan avhjelpe slike ev?
 - NAV: Behov for samarbeid med KDP helse og KDP oppvekst-> Kven tek tak i kva her?
- Skal ei målformulering vere at Alver skal ha lågare tal i AAP enn landsgjennomsnitt?
Er det positivt eller negativt ev slik NAV ser det?
 - NAV: Kan vere ei ok formulering. MEN- vere obs på at høgare tal kan vere fordi me fangar opp fleire og difor raskare kan setje inn tiltak
- Elles viktig at personar kjem seg ut av dei ulike ordningane og ikkje vert «innelåste».



Sosialhjelp- barnefamiliar, økonomi og gjeldsrådgjeving v/ Susanne Gjelsvik

Status:

- Auka søknader om sosialhjelp i Alver
- Færre tal barnefattigdom i Alver enn landsgjennomsnittet, men det finnast også her
- Auke i personar som treng økonomiskbistand i å forvalte eigen utgifter.

Nytt i Alver:

- «Digisos»- mulig å søkje om sosialhjelp både via nett. Men kan også søkje via papir
- Frå 2020: Eigen familierettleiar. Formål: Forebyggje uynskt sosial arv
- Denne føl familiar tett, også på utradisjonelt vis. Samarbeider tett med andre instanser, gir ikkje familien opp sjølv om ein ikkje møter til time eller anna
- Syner sær gode resultat allereie etter 2 år

Kommentar /diskusjon

UTVAL:

- Kva hjelp får personar med akutt bustadnaud?
 - NAV: Nav eig ingen bustader sjølv, men har tett samarbeid med kommunen. Ev private tilbydarar dersom ingen ledig
 - Nav har ellers ei eiga stilling som arbeider spesifikt med boligsosialt arbeid
- Alderssamansetning på dei som treng bistand i forvaltning av privat økonomi- dersom mange unge her- > kan ein samarbeide med oppvekst å få tema inn i læreplanmål i skulen?
- Er det gjennomstrømming i Sosialhjelp- brukarar?
 - NAV: arbeider på tvers av sine områder for å unngå langtidsbrukarar.
- Utfordrande at mykje skal søkjast om/ordnast digitalt for personar utan digital kompetanse
 - NAV: Ser også dette, samt at brukarar utan bil/ førarkort ikkje kjem seg til og frå dei ulike instansar grunna dårleg kollektivtilbod og at betaling av desse ofte er nettbaserte
- Er det aktuelt med noko anna lavterskeltilbod innan familietilbod? Bergen har eit liknande tilbod

Sak 3 – Fastlegeordninga (Tord Moltumyr)

Viser til presentasjon.

- Vidareføring om tema frå førre møte
- Tord presenterer utfordringar knytta til legerekutteringa i Alver, behovet for legedekninga slik legetenesta ser det og har konkrete dømer til tiltak
- Arbeider for tida med «Plan for legetenesta i Alver»
- Ynskjer at utvalet i H/O tek med seg tekstleg forslag/ tema inn i arbeidet med KDP helse, då KDP Helse, Økonomiplan og plan for legetenesta må henge tett saman

Sak 4 – Framdrift

Neste møte: 24.05.22, på Helsehuset

- Kategori 1 i trappa- trinn 1-3
- Presentasjon: Arbeid med Velferdsteknologi
- Her vert også innlegg vedrørende «Plan for forebyggjande arbeid- forebyggjning, helsefremmande og tidleg innsats»